

## Kontrakt idékonkurranse for Nye Voss vgs

---

### 1. Innleiing

Hordaland Fylkeskommune inviterer til idékonkurranse om kunstprosjekt til Nye Voss vgs.

Området for idékonkurransen er Skuletunet. Kunstutvalet vil særleg peike på dei store trevoluma og treflatene i rommet, men kunstnarane har høve til å tolke oppgåva som dei finn det best. Meir informasjon vert gitt i synfaring på Voss 27. januar 2015.

### 2. Deltakarar

Desse kunstnarane er inviterte:

Lillian Dahle  
Lars Sture  
Laila Kongevold og Stefan Christiansen

### 3. Jury

Som jury fungerer kunstutvalet for Nye Voss vgs:

Hilde Skjeggestad, kunstkonsulent og juryens leiar.  
Ingebjørg Engel Astrup, byggherrerepresentant Hordaland Fylkeskommune (HFK).  
Gunnar Hemre Ringheim, prosjektleiar, HFK.  
Marianne Ose Askvik, representant kulturavdelinga, HFK.  
Rannveig Landrø, arkitektrepresentant, Nordic architects.  
Brita Skjervheim, lærarrepresentant, Nye Voss vgs.  
Rebecca Hamre Vassdal, elevrepresentant, Nye Voss vgs.

Tiril Netteland Norevik, vara elevrepresentant, Nye Voss vgs (møterett, ikkje stemmerett).  
Svein Inge Styve, observatør, rektor Nye Voss vgs.

Som juryens sekretær fungerer Hilde Skjeggestad

### 4. Spørsmål til juryen

Spørsmål om forståing av programmet kan sendast skriftleg til juryens sekretær på

hilde@skjeggestad.org innen: <sup>09 mars</sup> ~~17. februar~~ 2015

Spørsmåla vert lagde fram for alle juryens medlemmer. Svara vert gitt fortløpande og sendt alle deltakarane på epost. Det skal ikkje vera ytterlegare kontakt mellom konkurrerande kunstnarar og medlemmer av juryen.

### 5. Formål

Nye Voss vgs har ambisjon om å vera eit symbol på framtidens vidaregåande skule. Den skal styrkja elevanes engasjement og lyst til å læra, ved å vera ein spanande og utfordrande fagleg møteplass med fokus på samarbeid, fordyping og gjensidig forsterking. Bygget har høge arkitektoniske kvalitetar, og skiljer seg særleg ut som ein klartenkt variasjon over det vestlandske tun-motivet, i både sosial og

romleg tyding. Det er lagt vekt på god samanheng mellom bygg og landskap, mellom ute og inne, og på varige, gode materialar.

I Nye Voss vgs ligg forholda tilrette for å skapa tydelege og spanande kunstprosjekt. Dei kan både trekkje vekslar på og styrkje skulens opne og gode arkitektur og den overordna pedagogiske ideen. Både stad, arkitektur og læreområder er forankra i historie og tradisjon, og Nye Voss vgs og det nye skuleområdet vil - om ein arbeidar godt - kunne verte eit inspirerende døme i måten det stimulerer til fordomsfri tenking og frimodig fornying av gode tradisjonar. Kunstutvalet for Nye Voss vgs ynskjer at kunstprosjekta medverkar til dette.

Området for idékonkurransen er Skuletunet. Kunstutvalet vil særleg peike på dei store trevoluma og treflatene i rommet, men kunstnarane har høve til å tolke oppgåva som dei finn det best. Det er eit mål å velja eit vinnarframlegg som so vert utvikla i eit forprosjekt med sikte på realisering. Juryen er trass dette ikkje plikta til å tilrå nokon av dei innleverte framlegga til forprosjekt eller realisering.

## **6. Konkurranskrav**

**6.1**  
Deltakarane står fritt med omsyn til kunstens idé, utforming og materiale innafor ramma som er gitt i pkt. 5.

**6.2**  
Deltakerhonorar for den enkelte kunstnar/kunstnargruppe er kr 25 000. Inntil 2/3 av honoraret kan betalast ut som forskot. Framlegga skal difor vera forsikra for ein tilsvarande sum fram til levering. Beløpet kan krevjast tilbake dersom framlegget ikkje vert levert, eller det ikkje vert godkjent, til dømes som følgje av vesentlege manglar i det leverte materialet (jfr. pkt 8 og 10).

**6.3**  
Reiseutlegg i samband med befaring på Voss 27. januar 2015 vert dekkja.

**6.4.**  
Den økonomiske ramma for realisering av kunstprosjektet er kr 800 000 inklusive kunstnarens honorar.

**6.5**  
Kontrakt med utførande kunstnar vil byggje på kontraktvilkår utarbeida for Kunst i offentlige rom - KORO.

## **7. Programmateriale**

Programmaterialet består av denne kontrakten og fylgjande vedlegg:

- a. Invitasjon til idékonkurranse
- b. Teikningar for Nye Voss vgs, plan og snitt
- c. Framdriftsplan for aktuell del av byggjeprojektet (ettersendast)
- d. Standardkontrakt

## **8. Materiale som skal leverast**

- a. Utreiing av idé og intensjon
- b. Skisser som visualiserar idéen på ein ukomplisert måte
- c. Økonomisk og teknisk sannsynleggjering
- d. Materialprøve, om relevant og ynskjeleg

Ein ber ikkje om ferdig utarbeida forslag, men ei utgreiing av idé og intensjon, visuelle skisser, og eit økonomisk overslag og teknisk forklaring som synleggjer realismen i framlegget. Framstillingsforma er

fri, og kunstnarane kan i tillegg til dei opplista krava levere det materiale dei finn naudsynt for å tydeleggjere sin idé.

## **9. Innlevering**

Materialet skal vera poststempla, eller vera HFK i hende, seinast 24. mars 2015. Levering må skje innan kl. 15.00.

Postadresse: Hordaland Fylkeskommune v/Ingebjørg E. Astrup, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Levering: Hordaland Fylkeskommune v/Ingebjørg E. Astrup, Agnes Mowinckelsgate 5 (Fylkeshuset).

## **10. Framlegg som avviker frå programmet**

Framlegg som ikkje er komne inn i rett tid eller hvor det er gjort vesentlige brudd på krava til innhald, kan verte utelukka frå juryering.

Ved einstemmig juryvedtak har juryen rett til å velja til vinnar framlegg som i enkelte delar avvik frå programmet.

## **11. Underkjenning / omkonkurranse**

Juryen er ikkje forplikta til å tilrå nokon av dei innleverte framlegga til realisering. Dersom juryen ynskjer ny konkurranse, skal dette leggjast fram for oppdragsgjevar.

## **12. Kunngjøring og utstilling**

Juryens arbeid skal vera avslutta innan 2 mnd etter at framlegga er leverte.

Juryen skal gje alle framlegga individuell vurdering.

Juryens vurdering av framlegga vert sende til alle deltakarane.

Alle godkjende framlegg vil kunne verte utstilte i normalt 8 dagar i lag med juryens vurdering.

## **13. Forsikring av framlegga**

Oppdragsgjevar er økonomisk ansvarlig for skade og tap av framlegga med samme sum som er sett som deltakarhonorar, medan dei er under oppdragsgjevars ansvar.

## **14. Retur**

Etter juryering og evt. utstilling vert framlegga returnerte til deltakarane for oppdragsgjevars rekning.

## **15. Videreføring av seirande framlegg**

Oppdragsgjevar legg til grunn at evt. vinnar av konkurransen let seg engasjera til å realisera sitt prosjekt, på grunnlag av juryens skriftlige føresetnader, vurderingar og konklusjonar.

Nye Voss vgs skal vera ferdig til skulestart hausten 2016. Prosjektet må fylgje byggeprosjektes framdrift.

Konkurranseprogrammet er skrive ut i to eksemplar, eitt til kvar av partane. Kunstnarens signatur stadfestar invitasjonsvilkåra.

Stad, dato

Bergen 22/1-15

*[Handwritten signature]*

Oppdragsgjevar FYLKESKOMMUNE  
REGISTRASJONSSEKSJONEN

*[Handwritten signature]*

Kunstnar

Fødselsnr 06.03.56.38235

Kontonr 3411.33.26346

Skattekommune Bergen

Trekkprosent 35%

Org.nummer 979 709 987

Kopi: Kunstutvalets medlemmar